

Retningslinjer for Etne kommune sitt Næringsfond

§ 1 Føremål

Føremålet med fondet er å fordela midlar slik at dette gir best mogeleg næringsutvikling og verdiskaping i Etne kommune.

§ 2 Stønadsvilkår

Tildeling skjer som tilskot.

Næringsverksemd

Det skal ved tildeling leggjast hovudvekt på føremålet, men også:

- Om tildelinga vil bidra til etablering av nye arbeidsplassar
- Om tildelinga vil bidra til kopling mellom utdanning og næringsliv, t.d. læreplassar
- Om tildelinga vil bidra til å skape kompetansearbeidsplassar
- Om tildelinga vil bidra til forsking, innovasjon, nyskaping, omdøme for kommunen og utvikling

Det skal ikkje gjevast tildeling til:

- Gjeldssanering eller å berga konkurstruga bedrifter
- Tiltak som bidrar til utilbørleg konkurranseriving i det lokale næringslivet
- Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemder
- Kjøp av eigedom

Mottakarar må vera:

- Etablerte bedrifter i Etne kommune
- Etablerande bedrifter i Etne kommune
- Etablerte næringsorganisasjonar i Etne kommune

Mottakarar kan vera:

- Fellesinteresser som næringsareal eller infrastruktur
- Interkommunale samarbeidsprosjekt og -selskap
- Geografiske eller bransjemessige næringsklynger

§ 3 Søknadsprosess

- Søknad vert sendt Etne kommune
- Innkomme søknadar vert handsama ein gang årleg, med frist 31/03
- Saka blir presentert som eige sak, med ei administrativ tilråding på fordeling av midlane i siste møte før sommaren.
- Formannskapet er vedtaksorgan for prioritering av tildeling frå næringsfondet

§ 4 Forvaltning

- Søknad vert sendt Etne kommune
- Det er ein føresetnad at Etne kommune set av minimum 1.000.000 av årsresultatet føregåande år til næringsfondet for å kunne tildele frå fondet påfølgande år
- Sum for tildeling er satt til inntil 500.000kr årleg
- Bruk av Næringsfondet krev vedtak av kommunestyre i årsberetninga, eller anna vedtak

§ 5 Prioriteringar

Tilskot vert prioriterte i samsvar med til ei kvar tid gjeldande kommunale planar og næringsstrategiar. Alle søknader vert vurdert med omsyn til tiltaket sitt potensiale etter kriterium i §2.

§ 5 Krav til søknadsopplysningar

Søknadar skal innehalda følgjande opplysningar:

A. Informasjon om søker

Firma og/ein organisasjon som søker må være registrert i enhetsregisteret og oppgje føljande opplysningar:

Namn, org. nr, adresse, telefon, e-post, bransje

B. Prosjektomtale

Kva det vert søkt om støtte til. Omtale av forretningsidé, marknad, kundar, konkurranse.

Søknadsbeløp. Forklaring om kvifor det vert søkt om stønad, og i kva grad midlane vil ha utløysande effekt.

C. Rekneskap

Dette gjeld for etablerte verksemder.

D. Investeringsbudsjett

Kva det skal investerast i og kor mykje. Verksemder som er MVA pliktige, skal oppgje summar ekskl. mva.

E. Finansieringsplan

Oversikt over eigenkapital, banklån og eventuelle andre finansieringskjelder

F. Driftsbudsjett

Oppstartsåret + to år.

G. Skatteattest

Skatteattest bør fylgja søknaden for å sikra at verksemda ikkje har drive økonomisk misleghald. Kommunen kan krevje å få utlevert skatteattest.

Rekneskap for siste rekneskapsår bør følgja søknaden for å synleggjera den økonomiske situasjonen til verksemda, og for å sikra at verksemda ikkje har drive økonomisk misleghald. Kommunen kan krevje å få utlevert rekneskap.

Søknadar som manglar ovannemnde opplysningar kan risikera å ikkje verta handsama i den aktuelle utlysinga, men vil bli fylgt opp med mål om å innhente manglande opplysingar fram mot påfylgjande utlysing. Kommunedirektøren har fullmakt til å avvisa søknadar som manglar opplysingar.

§ 6 Krav til søker

Det vert stilt krav om at søker kontaktar Medvind for innleiande samtalar, og for avklaring av innhaldet i ein eventuell søknad.

For søknadar som gjeld tiltak i landbruket, skal Landbrukskontoret i kommunen kontaktast.

§ 7 Generelle retningslinjer

Tilskotet skal normalt ikkje utgjere meir enn 30 % av totalkostnaden på private tiltak. Ved nyetableringar, fellestiltak og andre særleg gode tiltak kan det gjevast inntil 50 %. Summen av offentlege tilskot til private tiltak bør ikkje overstige 50 % av totalt kostnadsoverslag. Nivået på tilskotet skal vurderast ut i frå sysselsettingsverdi, vekstpotensial og positive ringverknadar. Tiltak med vekstpotensial i eit regionalt, nasjonalt eller internasjonalt marknad vil ha høg prioritet. Eit hovudprinsipp er å unngå å støtte opp om lokal konkurransevriding. Forretningsidear som bidreg til nye tilbod kan prioriterast sjølv om kundegrunnlaget er lokalt. Næringsfondet skal ikkje nyttast til laupande drift. Det bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Det vil telja positivt dersom eit tiltak har fokus på miljøvennlege løysningar.

§ 8 Klage

Vedtak er eit enkeltvedtak etter forvalningslova og kan klagast på til Etne kommune.

Klagefristen er tre veker rekna frå dagen vedtaket kom fram til adressaten. Kommunestyret er klagenemnd. Når det påklaga vedtaket er handsama av kommunestyret er departementet klageinstans. Dette er delegert til statsforvaltaren.